



Plan for busetting og integrering av flyktningar i Årdal 2025 – 2028



Innholdsliste

1.0 Innleiing	2
1.1 Bakgrunn og overordna målsetjingar	2
1.2 Planprosess	2
1.3 Omgrep	2
1.4 Flyktningar i Årdal	3
2.0 Organisering	4
3.0 Flyktningtenesta	4
3.1 Status	4
3.2 Skildring av Flyktningtenesta sine viktigaste ansvarsområde	5
3.3 Utfordringar	5
3.4 Mål for perioden 2025 - 2028	6
4.0 Vaksenopplæringa i Årdal	6
4.2 Førebuande opplæring	6
4.3 Opplæring i Norsk og samfunnskunnskap	6
4.6 Introduksjonsprogrammet	7
4.7 Utfordringar	7
4.8 Mål for perioden 2025-28	7
5.0 Bustad	8
5.1 Status	8
5.2 Utfordringar	8
5.3 Mål for perioden 2025– 2028	9
6.0 Helsetenestene	9
6.1 Rutinar	9
6.2 Utfordringar	10
6.3 Mål for perioden 2025 – 2028	10
7.0 Barnehage	10
7.1 Status	10
7.2 Utfordringar:	10
7.3 Mål 2025-2028	11

8.0 Skule	11
8.1 Status	11
8.2 Utfordringar	12
8.3 Mål 2025 – 2028	12
9.0 Tilflyttarkontor	13
9.1 Årdal kommune tilflyttarkontor	13
9.2 Fokus og samarbeid med Flyktningtenesta	13
10.0 Tverrfagleg samarbeid	13
10.1 Status	13
10.2 Betre tverrfagleg innsats (BTI)	15
10.3 Utfordringar	15
10.3 Mål	15
11.0 Arbeid og utdanning	15
11.1 Status	15
11.2 Utfordringar	16
11.3 Mål for perioden 2025 - 2028	16
12.0 Kultur og fritid	17
12.1 Status	17
12.2 Utfordringar	17
12.3 Mål for perioden 2025 – 2028	17
13.0 Økonomi	18
13.1 Statlege tilskot	18
13.1.1 Integreringstilskot	18
13.1.2 Innbyggjartilskot	19
13.1.3 Barnehagetilskot	19
13.1.4 Tilskot til minoritetsspråklege barn i barnehage	19
13.1.4 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	19
13.2 Inntekter og utgifter	20
13.3 Utfordringar	20
13.4 Mål for perioden 2025 – 2028	21
15.0 Evaluering av tiltaksplan frå førre planperiode	21
15.0 Tiltaksplan	21

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn og overordna målsetjingar

Plan for busetting og integrering av flyktningar i Årdal kommune for perioden 2020-2024 skal reviderast og det er behov for ei oppdatering.

Integreringspolitikken i Noreg vil til ei kvar tid vere rettleiande for korleis kommunane skal jobbe med integrering av flyktningar. Regjeringa sin integreringspolitikk vert skildra i St.meld. 17 (2023-2024), der hovudmåla er å få fleire i arbeid, bygge sterkare fellesskap, fremje likestilling og bekjempe negativ sosial kontroll. Regjeringa vil ha ein politikk der samfunnet både stiller krav til og stiller opp for flyktningar.

Arbeid, inntekt og økonomisk sjølvstende er det viktigaste grunnlaget for god integrering og god livskvalitet. Ei overordna målsetjing i flyktningarbeidet i Årdal er difor at det vert lagt til rette slik at alle flyktningar i Årdal skal ha moglegheit til å bli kvalifisert for norsk arbeidsliv, og få tilbod om arbeid. Ei slik kvalifisering femnar mykje, men gode språkferdigheiter er ein føresetnad for arbeid, utdanning og aktiv deltaking i samfunnet. Gode moglegheiter til å lære norsk, og tilbod om arbeid og utdanning, vil difor vere kritisk viktig for å lukkast med integreringa.

Ein god bustad i eit trygt nærmiljø, barnehageplass, ein god skule/SFO, gode helsetenester og aktiv deltaking i fritidsaktivitetar, er viktige faktorar i arbeidet med å få til god integrering – som igjen gjer det meir sannsynleg at flyktningar vert buande i kommunen. Årdal har gode føresetnader for å lukkast med dette, men det føreset eit systematisk arbeid der alle aktørar bidreg etter beste evne.

1.2 Planprosess

Med bakgrunn i ovannemnte kommunestyresak skal planen reviderast, og attende til kommunestyret. Det er Flyktingtenesta i Årdal som har fått ansvaret for revidering av planen. *Plan for busetting og integrering av flyktningar i Årdal kommune* er ein kommunal fagplan og gjeld for fire år.

I løpet av planprosessen har det vore fagmøter med dei ulike einingane presentert i planen, for å diskutere status, utfordringar og mål hjå dei ulike tenestene. Planen skal ut på høyring, og deretter opp i utval for Levekår, formannskap og kommunestyre for vedtak.

Einskildsaker om busetting av flyktningar skal i framtida sjåast i lys av den overordna flyktningplanen, samstundes som slike einskildsaker gjev kommunestyret høve til å vedta nye føringar. *Plan for busetting og integrering av flyktningar* må sjåast i samanheng med andre kommunale planar og styringsdokument. Bustadsosial handlingsplan er særleg relevant.

1.3 Omgrep

I flyktningarbeidet vert det brukt mange omgrep og forkortingar som bør vere kjende. Om ein går inn på [heimesida til UDI](#) finn ein definisjonar på mange aktuelle omgrep, det er difor berre teke med nokre få i teksten under.

IMDi: Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. IMDi skal gje faglege råd og vere eit kompetansesenter for kommunane. IMDi fattar og vedtak om busetting av flyktningar.

Flyktningar: Innvandrarar der grunnlag for opphaldsløyve er behov for beskyttelse og/eller humanitære tilhøve. Flyktningar vert normalt busett via asylmottak, familiesameining eller ved direktebusetting frå flyktningleirar, også kalla overføringsflyktningar.

Overføringsflyktningar: Ein flyktning som får kome til Norge etter organisert uttak, vanlegvis i samarbeid med [FNs høyskissær for flyktningar](#) (UNHCR). Dette skjer på bakgrunn av at flyktningen ikkje kan få tilbod om varig løysing i det landet dei oppheld seg i. Ein anna nemning som er mykje brukt i politisk samanheng er kvoteflyktning.

Asylsøkarar: Menneske frå andre land som søker om beskyttelse i Norge gjennom asylinstituttet. Asylsøkarar vert busette i asylmottak medan dei ventar på å få handsama sin søknad. Dersom dei får søknaden innvilga, vil dei bli busett i ein kommune. Ved avslag vil dei normalt bli sendt ut av landet.

1.4 Flyktningar i Årdal

I Årdal har ein lang tradisjon for å busette flyktningar. Dei siste ti åra er det busett flyktningar frå Syria, Eritrea, Etiopia, Somalia, Afghanistan, Sudan, Kongo og Ukraina.

Dei aller fleste har valt å bli buande i Årdal også etter at perioden der ein vert rekna som flyktning er over. Dette er i hovudsak personar som har stifta familie, teke utdanning, fått seg jobb og kjøpt seg bustad i kommunen. Det er blant anna utdanna helsefagarbeidarar, kontormedarbeidarar og prosessoperatørar.

Det har vore fokus på å tilby utdanningsløp som skal gi kompetanse som fører til varig tilknytning til arbeidsmarknaden.

Flyktningarbeidet har dei siste tre åra vore prega av krigen i Ukraina, og busetting av ukrainske flyktningar. Det har likevel også blitt busett personar med andre nasjonalitetar i perioden.

Det er per mars 2025 busett 128 flyktningar i perioden 2021 – 2025, fordelt slik:


2021	2022	2023	2024	2025
8	37	55	23	5 hittil

I tillegg til tala ovanfor, kjem flyktningar som har flytta til Årdal i femårsperioden, og barn av flyktningar som er fødte etter busetting.

Få flyktningar flyttar vekk frå Årdal til fordel for andre kommunar i Noreg. I dei tilfella det har skjedd, har det vore på bakgrunn av nær familie i andre kommunar. Nokre av dei ukrainske flyktningane har returnert til heimlandet, eller andre land, og vert i statistikken rekna som utvandra.

Flyktningar utgjer ein kulturell tilvekst som tilfører lokalsamfunnet mykje. Årdal er avhengig av flyktningar for å auke folketalet, og er i tillegg viktige for å dekke behova for arbeidskraft. Samla sett vil mottak og busetting av flyktningar vere viktig for å oppretthalde eit livskraftig samfunn med folketalsvekst og utvikling. Det er difor avgjerande at alle aktørar bidreg til eit godt integreringsarbeid, som igjen gjev flyktningane eit grunnlag for å velje å bli buande i Årdal.

2.0 Organisering



Organisasjonskartet ovanfor syner korleis Årdal kommune er organisert. Med kommunedirektør som øvste leiar i administrasjonen, kommunalsjefar og einingsleiarar. Flyktningstenesta er organisert under NAV Årdal, som har kommunalsjef for helse, omsorg og NAV som overordna. Vaksenopplæringa er organisert under oppvekst og kultur, og har såleis same kommunalsjef som grunnskulane og barnehagane. Arbeid med flyktningar krev godt samarbeid mellom alle ulike deler av ein kommune, og alle einingar har ansvar for å yte tenester til flyktningar og samarbeidspartar innanfor sitt fagfelt.

3.0 Flyktningstenesta

3.1 Status

Det formelle ansvaret for Flyktningstenesta er lagt til NAV Årdal ved fagleiar for Flyktningstenesta, flyktningkonsulent, sakshandsamar og miljøvaktmeister. Til saman 3,5 stillingar.

Flyktningstenesta er kommunen sitt mottaksapparat for flyktningar som kjem til Årdal. Dei koordinerer busetting mellom IMDI, asylmottak og kommunen. Før flyktningane kan kome til kommunen, må Flyktningstenesta saman med bustadkontoret skaffe bustad og klargjere denne med naudsynt utstyr. Samstundes må involverte tenesteområde få

melding om dei nykomne innbyggjarane. Kartlegging, informasjon og rettleiing er her sentralt i den første tida etter busetting.

Oppfølgingsarbeidet vert gjort i samarbeid med aktuelle einingar og tilsette i kommuneorganisasjonen, vaksenopplæringa, næringsliv og frivillige. Den viktigaste oppgåva er kvalifisering til arbeid ved gjennomføring av introduksjonsprogrammet, og dette vert gjort i tett samarbeid med vaksenopplæringa.

3.2 Skildring av Flyktingtenesta sine viktigaste ansvarsområde

- Klargjering av bustader til nykomne flyktningar
- Økonomisk råd og rettleiing, og oppfølging og rettleiing kring ytingar i NAV
- Koordinere kontakt og dialog mellom flyktningane og andre samarbeidsinstansar/kommuneiningar
- Oppgåver knytt til rolla som programrådgjevar i Introduksjonsprogrammet
- Gje intro-deltakarane kurs i tema *Foreldrerettleiing* og *Livsmeistring*
- Miljøarbeid i bustad
- Arbeidsretta oppfølging (språk- og arbeidspraksis, jobbsøking)
- Samarbeide tett med den lokale og regionale arbeidsmarknaden og næringslivet elles
- Registrering i NIR (Nasjonalt introduksjonsregister)
- Pådrivarar for å få i gang integreringstiltak kring flyktningane

Per mars 2025 bur det 128 flyktningar i Årdal, og integrering er eit mangfaldig og omfattande arbeid. Det er viktig at den einskilde flyktning så raskt som mogeleg vert ein del av lokalsamfunnet både med tanke på språk, arbeid, skule og fritid, samt at han/ho vert sjølvstendig og kan ta i bruk eigne ressursar.

Flyktingtenesta er ansvarleg for at flyktningane tek til i introduksjonsprogrammet innan tre månader etter busetting, samt ansvarleg for å skaffe dei egna språkpraksisplassar. Dette har tidvis vore ei utfordring, samstundes som mange kommunale og private arbeidsplassar bidreg godt.

Det er viktig at arbeidet med busetjing og integrering av flyktningar vert vektlagt i alle kommunale einingar. Flyktningane skal reknast som brukar av tenester på lik linje med andre innbyggjarar.

I tillegg til den kommunale Flyktingtenesta er det viktig at frivillige lag/organisasjonar og privat næringsliv vert engasjert i arbeidet. Aktiv deltaking frå alle sektorane vil vere viktig for å lukkast.

3.3 Utfordringar

- Arbeidsoppgåvene til Flyktingtenesta er omfattande med breitt spekter, og oppfølginga må alltid vere heilheitleg. Dette krev struktur med brei kompetanse og kunnskap.
- Flyktingarbeidet krev mykje praktisk arbeid, i tillegg til mykje sakshandsaming. Det er viktig at arbeidsmiljøet ligg til rette for at denne blandinga av arbeidsoppgåver skal gå så smidig som mogleg.

- Flyktningane har med seg traume og opplevingar som ofte påverkar deira psykiske helse. I desse tilfella er det utfordrande å få flyktningen til å ta i mot riktig helsehjelp, og mykje av oppfølginga fell på Flyktningtenesta.
- I forbindelse med flyktningstraumen frå Ukraina har det komme ei rekke midlertidige lovverk som gjeld kun for denne gruppa. Det fører til ulike plikter og reglar for flyktninggruppa.

3.4 Mål for perioden 2025 - 2028

- Revidere og forbetre rutinane for mottak av nye flyktningar, samt dei tverrfaglege rutinane kring oppfølgingsarbeidet.
- Ta ansvar for at tiltaka i tiltaksplanen i Flyktningplanen vert gjennomført.
- Flyktningar med lite motivasjon til skule, skal få mogelegheit til å ta fagbrev i bedrift gjennom ordinær jobb/praksis/tiltak.
- Alle flyktningar skal vere i aktivitet i form av jobb og utdanning, eller i praksis etter arbeidsevne.
- Nærare samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

4.0 Vaksenopplæringa i Årdal

4.1. Status

Vaksenopplæringa i Årdal er plassert på Årdal vidaregåande skule, og har ansvar for norskopplæring og spesialundervisning for vaksne innbyggjarar i Årdal.

Vaksenopplæringa har 6 årsverk derav 0,6 rektor, og 5,4 lærarressursar. Opplæringslova og Integreringslova viser kva rettar og plikter den einskilte flyktning har for opplæring.

4.2 Førebuande opplæring

Opplæringslova kapittel 18 fastset retten til førebuande opplæring for vaksne. Dette gjeld om ein har behov for førebuande opplæring i fag, eller i grunnleggjande ferdigheiter. Nokre flyktningar har mangelfull grunnskuleutdanning frå heimlandet og må gjennomføre grunnskuleopplæring før vidaregåande opplæring. Andre har trong for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter (lesing, skriving, rekning, munnlege og digitale ferdigheiter) før dei kan delta i utdanningsretta laup eller for å bli sjølvstendige i eigen kvardag/jobb. Dette er eit tilbod som blir tilpassast særskild ut frå føresetnadane til deltakarane, og det vil for nokre vere eit langt løp før dei har tileigna seg den nødvendige grunnkompetansen.

4.3 Opplæring i Norsk og samfunnskunnskap

Integreringslova fastset rett og plikt til introduksjonsprogram og opplæring for vaksne flyktningar busett i Noreg. Å ha rett til opplæring betyr at personen har krav på gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap frå kommunen han/ho er busett i.

Føremålet med programmet er ein målretta kvalifisering, slik at innvandrarar får gode nok norskkunnskapar, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og ei varig tilknytning til arbeidslivet.

Introduksjonsprogrammet skal minst innehalde:

- a) Opplæring i norsk
- b) Opplæring i samfunnskunnskap
- c) Kurs i Livsmestring
- d) Arbeids- eller utdanningsretta element
- e) Alle som har introduksjonsprogram og som har born under 18 år skal delta på kurs i foreldrerettleiing.

4.6 Introduksjonsprogrammet

Vaksenopplæringa har ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap medan Flyktingtenesta har ansvar for arbeids- eller utdanningsretta element, samt kurs i livsmestring og foreldrerettleiing.

I følgje Integreringslova § 14 skal introduksjonsprogrammet vere på fulltid. I dette ligg at programmet skal ha ei ytre ramme på 37,5 timar per veke og det skal vere eit heildagsprogram.

Tilbodet som føreligg i dag for deltakarar i introduksjonsprogrammet er:

- 18-19 timar ordinær norskopplæring
- 4 timar samfunnskunnskap
- 15 timar språkpraksis, sosiale aktivitetar og heimearbeid

4.7 Utfordringar

- Nokre av dei vaksne flyktingane har mangelfull skulegang frå heimlandet og såleis behov for grunnskule og vidaregåande opplæring. Kommunen må avklare behovet for opplæring og motivasjon til kvar einskild elev, samt sikre at vi kan tilby grunnskuleopplæring.
- Opplæring på eit språk som flyktingen forstår kan vere vanskeleg når ressursar/tilgang på morsmåls lærarar er avgrensa (gjeld både elevar ved vaksenopplæringa og grunnskulen).
- Vaksenopplæringa i Årdal følgjer skuleruta, og det er utfordrande å sysselsette deltakarane i alle feriar. Dersom vi får engasjert deltakarane i praksis i feriane, er vi i mål om eit heilårleg introduksjonsprogram og eit fulltidsprogram. Utfordringane er når ein ikkje har/får praksisplass i feriar. Da står deltakaren igjen med svært få timar per veke, og Årdal kommune oppfyller såleis ikkje krav i introduksjonslova.

4.8 Mål for perioden 2025-28

- Leggje til rette for praktiske utdanningslaup for flyktingar: norskopplæring, praksis og jobb. Her må vaksenopplæringa då kunne tilby opplæring i grunnleggende ferdigheiter.
- Stette lovkrava i høve eit heilårleg opplæringstilbod på fulltid.
- At deltakarane skal delta meir på ulike arenaer i samfunnet, for å øve på språket i fleire situasjonar enn på skulen.

5.0 Bustad

5.1 Status

Bustadkontoret og Flyktingtenesta jobbar tett i arbeidet med flyktningar og bustad. Begge tenestene ligg ved NAV Årdal, noko som blir sett på som ein stor fordel i den daglege drifta. Det er mogleg med raske avklaringar, og tett dialog rundt den enkelte.

At ein har nok tilgjengelege bustadar er ein føresetnad for å kunne ta i mot flyktningar. Det er to måtar ein kommune kan skaffe bustadar på. Ein kan nytte eksisterande kommunal bustadmasse/kjøpe fleire kommunale bustader eller leige på den private leigemarknaden.

Årdal kommune har 40 kommunale gjennomgangsbustadar. Desse bustadane er fordelt på Øvre Årdal og Årdalstangen, og det er i hovudsak burettslagsleilegheiter. Leilegheitene er tiltenkt dei vanskelegstilte på bustadmarknaden, og flyktningar som vert busett i kommunen er ein del av denne brukargruppa. På bakgrunn av dette er nokre av leilegheitene reservert til busetting av flyktningar.

5.2 Utfordringar

Ei utfordring i høve bustad og busetjing av flyktningar, er å ha rette bustadar tilgjengelege. Ein veit ikkje om ein får førespurnad om å busette familiar eller einslege før førespurnaden kjem. Kommunen må difor innan relativt kort tid etter førespurnad, ha moglegheit å gjere tilgjengeleg bustader tilpassa flyktningane som kjem. Per i dag løyser kommunen dette ved å reservere kommunale bustader til busetting av flyktningar. Dette er ein utfordring då det stort press på dei kommunale bustadene, og at andre innbyggjarar også har behov for gjennomgangsbustader av ulike årsaker.

Årdal kommune har ikkje nok gjennomgangsbustader til å busette den mengde flyktningar me har gjort dei siste åra. På bakgrunn av dette bur dei fleste flyktningane no i privateigde utleigebustader. Press på den private bustadmarknaden har ført til auke i leigeprisar. Dette fører til at Flyktingtenesta og bustadkontoret brukar meir tid på å finne rett bustad til rett familie. Det er personen som bur i bustaden som sjølv signerer på huseigekontrakten. Erfaringa vår med å leige på den private marknaden er at mange er positive til å leige ut bustader. Mange har ikkje erfaring med å leige ut frå tidlegare, og det bør her vere klarare avklaringar om kva som er forventa av utleigar. Det er t.d. viktig at også huseigar har tilsyn med bustaden for å avdekke eventuelt feil bruk frå leigetakar.

Mange av flyktningane må lære seg korleis det er å bu i norske bustadar. Det kjem menneske med ulik bakgrunn, og det er difor viktig med ein grunnleggande og enkel opplæring for alle. Dei må få kjennskap til t.d. lufting, inne temperatur, møblere, reinhald, avløp, avfallshandtering, varmekjelder mm. I tillegg må dei få kjennskap til korleis det er vanleg å forholde seg til naboar når det gjeld t.d. støy, døgnrytme, oppmøte dugnadar og liknande. Dersom dette arbeidet ikkje vert prioritert kan ein ende opp med ein slitasje på bustadar som vil føre til kostnader for kommunen til vedlikehald, og klage og dårleg inntrykk frå naboar som igjen kan hindre integrering. For å førebygge dette må det sikrast at flyktningane får god rettleiing.

I denne planperioden vil det vere auka fokus på å ansvarleggjere huseigar i form av fleire tilsyn i bustadene, bu-rettleiing, fokus på brannsikkerheit og eltilsyn.

Målet må vere at dei busette, så snart dei kan, kjem seg ut i eigen eigd eller leigd bustad. Kommunen må da vere behjelpeleg med informasjon om lån, hjelp til å skaffe bustad og lån, samt informere om Husbankens låne og tilskotsordningar. Viser her til vedteken bustadpolitisk handlingsplan for ytterlegare informasjon om dette. Ein vil da kunne sikre god gjennomstrøyming i dei kommunale bustadane og behovet for stadig nye bustadar vil da kunne avgrensast.

Ved leige av bustad kan den busette søke om bustøtte hjå Husbanken. Kor mykje dette utgjer varierer etter størrelsen på husleiga og inntekt. Ein ser at færre enn tidlegare har rett på bustønad.

5.3 Mål for perioden 2025– 2028

- At kommunen innan rimeleg tid skal ha moglegheit til å busette anmoda tal flyktningar
- At flest mogeleg av flyktningane får høve til å kjøpe seg eigen bustad i kommunen dersom dei ynskjer det. Bustadkontoret skal prioritere denne søkargruppa.
- Bustadkontoret og FDV har årlege synfaringar på dei kommunale bustadene, der ein har moglegheit til å avdekke feil/manglar i bustaden, og leigetakar har høve til å stille spørsmål.
- Flyktningtenesta/Bustadkontoret saman med private utleigar har ein plan for synfaring i bustad.
- Ha tilgjengelege informasjonsskriv for branntryggleik, avfallshandtering m.m. i alle bustader.
- At bustadkontoret, FDV og Flyktningtenesta har faste møte ang. busettingssituasjon og elles saker ang. kommunale bustader.

6.0 Helsetenestene

Helsetenestene har ansvar for å yta naudsynt somatisk og psykisk helsehjelp til flyktningar etter tilråding i rettleiaren *Helsetjeneste tilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente (IS- 1022)*.

Helsetenesta i kommunen skal tilby kvalitativt gode og likeverdige tenester til alle, uavhengig av etnisitet og kulturell tilknytning.

6.1 Rutinar

Når ein flyktning vert busett i kommunen, bestiller Flyktningtenesta time til vaksne og barn hjå fastlege og helsestasjon. Legekontoret får tilsendt helseopplysningar frå asylmottaket. Hjå fastlegen vert det gjennomført ei helsekartlegging, med særleg vekt på smittsame sjukdomar og psykisk helse. Alle busette flyktningar er pliktige til å la seg undersøke for tuberkulose. I tillegg vert det tilbydd blodprøvar for visse sjukdommar ut i frå symptom, allmenntilstand og førekomst i heimlandet. Dette er frivillige undersøkingar. Dersom det er behov for tilvising til spesialisthelsetenesta eller andre kommunale einingar, vert det gjort.

Flyktningar er i risiko for utvikling av psykiske plager. Fleire har opplevd traume, og har andre tradisjonar for openheit og behandling av psykiske plager. Erfaringa viser at ønske for hjelp til psykiske plager ofte ikkje kjem før etter ei stund.

Helsestasjonen kallar alle barn inn til undersøking etter busetting, der ein sjekkar vaksinar, snakkar med foreldra, og undersøker barna etter gjeldande rutinar ut i frå alder og behov. Vidare følger flyktningbarna dei ordinære undersøkingane til helsestasjonen.

6.2 Utfordringar

- Ulik terskel for å ta kontakt med legekontor, og skilnad på legetime, legevakt og akutt hjelp.
- Språkvanskar kan hemme rett og nok helsehjelp, og krev mykje tid i ei tid der tenestene er pressa frå før
- Tverrfagleg innsats
- Etablering av tidleg hjelp på lågast mogeleg nivå til sårbare familiar
- Kulturelle skilnader, ulikt kunnskapsnivå om helsestell, eiga helse, hygiene, livsstil, kost, rusmidlar
- Samhandling mellom ulike einingar i oppfølging av personar som slit med psykiske plager.

6.3 Mål for perioden 2025 – 2028

- At helsetenestene kan presentere seg sjølv i introduksjonsprogrammet, for å vise kven og kvar dei er, og kva dei kan hjelpe den enkelte med.
- Oppretthalde eit godt og likeverdig helsetilbod for flyktningar som oppheld seg i Årdal kommune, med særleg fokus på dei spesielle helseutfordringane flyktningar har.
- Lage felles rutinar for helsetenester kring busetting av flyktningar, og ansvarsfordeling mellom legekontor, helsestasjon og Flyktningtenesta.

7.0 Barnehage

7.1 Status

I Årdal kommune er det seks barnehagar, der to ligg på Årdalstangen og fire i Øvre Årdal. Barnehagane i Årdal har lang erfaring med flyktningbarn og deira familiar, men saknar meir formell kompetanse og fagleg påfyll kring arbeid med denne gruppa.

Barnehagane er svært viktige for integrering av dei minste barna og foreldra deira. Språklæring og sosialisering er viktig, og tilgang på barnehageplass gir begge foreldra høve til å starte med norskopplæring.

7.2 Utfordringar:

- Trong for styrka bemanning i forhold til flyktningbarn/minoritetsspråklege barn. Barnehagane ser at barna har behov for tettare oppfølging enn dei kan gi, for å lage ein god dag for barnet.
- Barnehagepersonalet kjenner behov for auka kompetanse innan fagfeltet.

- Å ha tilgjengelege barnehageplassar utanom hovudopptak. Det er utfordrande om barna må vente lenge på plass, og såleis ikkje får høve til å starte integrering, sosialisering og språkopplæring.
- Det er krevjande å stå i foreldrekontakten i hente og leveringssituasjonar der ein har dårleg tid, og foreldra ikkje har føresetnader for å forstå beskjedane. Det fører til misforståingar og usikkerheit.

7.3 Mål 2025-2028

- At barnehagane utarbeider eit felles kartleggingsskjema som kan brukast ved oppstart i barnehagen. Dette gjer det meir ufarleg å stille dei vanskelege spørsmåla, og gir barnehagen tidleg den informasjonen dei treng for å hjelpe barna best mogleg.
- Tettare samarbeid med Flyktningtenesta. Det kan gjelde utfordringar som vert oppdaga som ikkje barnehagen kan følgje opp, eller informasjon som kan vere viktig å dele vidare.
- At barnehagane deler pedagogiske opplegg med kvarandre
- At fagleg påfyll kring flyktningbarn er tema på 1-2 halve plandagar i året, slik at barnehagane får diskutert utfordringar på tvers.

8.0 Skule

8.1 Status

Årdal har to grunnskular og SFO tilbod som er plassert i Øvre Årdal og på Årdalstangen. Kommunen har ansvar for grunnskuleopplæring frå 1. – 10. klasse og for at born og unge får opplæring i tråd med opplæringslova. Opplæring skal tilpassast evne og føresetnadene av den einskilde elev, og skje i samarbeid med foreldra. Kvar einskild skule har ansvar for å kartleggje om minoritetsspråklege elevar har gode nok norskkunnskapar til å følgje den vanlege opplæringa.

SFO er eit frivillig tilbod utanom den obligatoriske skuledagen for elevar i 1. – 4.klasse. Innhald og verksemd skal pregast av borna sitt behov for omsorg, leik, kulturaktivitetar og sosial læring.

Opplæringslova §2-1, 2-2 fastset rett og plikt til grunnskuleopplæring for alle barn som er busett i Norge. Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring og rett til ein offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikta kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarende opplæring. Retten til grunnskuleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vere i Norge i meir enn tre månader.

Når minoritetsspråklege elevar startar på grunnskulane i Årdal, kartlegg ein norskferdigheitene og gir tilbod om særskild språkopplæring til eleven har tilstrekkelege norskferdigheiter til å kunne følgje ordinær norskopplæring. Det vert så innhenta løyve frå føresette til å fatte enkeltvedtak om særskilt norskopplæring. Ein kartlegg ferdigheitene 1-2 gonger per år for å sikre progresjon og at elevane går inn i ordinær opplæring når hen har føresetnader for det. Skulen prøver å legge til rette for at elevane

skal få bruke morsmålet sitt som ressurs i språkinnlæringa av andrespråket (norsk), og nytte ulike nettressursar for at minoritetsspråklege elevar skal kunne forstå fagstoffet.

8.2 Utfordringar

Utfordringane vil i første rekke vere å kunne organisere utdanningstilbodet på ein optimal og god måte, både praktisk og pedagogisk. I Årdal kommune kjem elevane rett inn i ordinær klasse, men med tilbod om særskilt språkopplæring og bruk av morsmål som ein ressurs i innlæringa av eit nytt språk. For å kunne oppnå og yte tilbod om elevgruppa sin rett til særskilt språkopplæring jf § 3-6 i opplæringslova, fordrar det at kommunen prioriterer ressursar til denne lovfesta opplæringa, samt kompetanse og undervisningsmateriell.

Det vil vere eit viktig moment at kommunen har nødvendig kompetanse i høve til å vurdere realkompetansen til desse nye elevane.

8.3 Mål 2025 – 2028

Det overordna målet er at barna skal få opplæring i norsk som gjev dei høve til å nytte utdanningssystemet vidare, samt at det legg til rette for å inkludere i arbeidsliv og samfunnsliv generelt.

All erfaring tilseier at eit godt utvikla språk er grunnlaget for all god integrering og inkludering, og det er såleis viktig å sette i gang tiltak så tidleg som mogeleg.

For føresette er skulen ein viktige arena for samhandling med andre og samstundes ei kjelde til mykje informasjon om samfunnslivet.

Særskild norskopplæring er det første tiltaket som vert sett inn når minoritetsspråklege elevar som ikkje har språklege ferdigheitar i norsk flyttar til kommunen. Opplæringslova og forvaltningslova krev ikkje at det ligg føre ein søknad om særskild språkopplæring, men føresette skal få høve til å uttale seg før vedtak vert gjort. Dette er noko skulane har med i innskrivingsmøte før dei startar på skulen. Det er ingen plikt til å ta i mot særskild språkopplæring.

Målsettinga tilseier at eleven skal få særskild språkopplæring så raskt som mogleg for å meistre norskspråket. Når eleven har tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne følge den ordinære opplæringa i skulen, opphøyrer rettane, jamfør § 3-6. Dersom det vert fatta enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, skal eleven følgje læreplan i grunnleggande norsk inntil hen har tilstrekkelege ferdigheiter til å følgje den ordinære opplæringa og læreplanen.

For å gje eit tilstrekkeleg og godt nok tilbod til denne elevgruppa er det avgjerande at kommunen prioriterer økonomi, ressursar og kompetanse på dette området, slik at ein kan jobbe med å tilpasse den ordinære opplæringa for minoritetsspråklege elevar på best mogeleg vis, også i form av morsmålsopplæring dersom det er kompetanse.

9.0 Tilflyttarkontor

9.1 Årdal kommune tilflyttarkontor

Årdal kommune sitt tilflyttarkontor har som fokus å stabilisere innbyggjartalet ved å aktivt rekruttere nye årdøler, og å profilere og marknadsføre Årdal som ein attraktiv bukommune. Det er prioritert å nå ut til nye potensielle innbyggjarar ved å gjere informasjon tilgjengeleg om Årdal sine jobb-, bustad-, og fritidstilbod. Dei ynskjer samstundes å tilrettelegge for å gjere det enklare å velje Årdal som sin nye bukommune ved ulike tiltak som garanti for barnehageplass, hjelp til heimekontor i kontorfellesskap, rekrutteringshjelp og det å knyte nye sosiale nettverk.

Tilflyttarkontoret har sidan oppstart august 2020 fått god innsikt i korleis Flyktningtenesta arbeidar for å integrere og inkludere flyktningar i Årdalssamfunnet, og sett kor viktig det er med oppfølging, informasjon og tilrettelegging der det er mogleg. Dette har og tilflyttarkontoret eit fokus på, ved at nye innbyggjarar mottek informasjon om Årdal og kva tilflyttarkontoret kan bidra med i velkomstbrev til alle med ny folkeregistrert adresse til Årdal, samt velkomstpakke til dei som ynskjer det. Alle som vil, kan ta kontakt med tilflyttarkontoret for å treffast, og for å få meir informasjon om korleis ein kan bli betre kjent med lokalsamfunnet. Ved mange høve tek tilflyttarkontoret direkte kontakt med nye innbyggjarar først, dersom ein får nyss i at det har kome nye tilflyttarar til bygda.

9.2 Fokus og samarbeid med Flyktningtenesta

Målgruppene tilflyttarkontoret har spesifikt fokus på å rekruttere som nye innbyggjarar er blant anna heimflyttarar, arbeidsinnvandrarar, ungdom og tilflyttararar frå andre stader i Noreg. Til no er erfaringa at det viktigaste er å finne relevante arbeidsstader og jobbar for potensielle nye årdøler, og at arbeid og bustad må ligge til grunn for at personar vel å flytte til Årdal.


Som tilflyttar til ein ny stad og valet om å bli verande, er det viktig å finne tilhøyrslø, difor er ikkje arbeid og tilgang på relevant bustad nok i seg sjølv for å bli verande ein stad. Eit stort fokus for tilflyttarkontoret er difor å matche hobbyar og interesser hjå nye tilflyttarar til lokale organisasjonar, sosiale lag, uformelle møtestadar og så vidare. Eit tiltak for å få til dette er å få til eit tettare samarbeid mellom alle lokale aktørar som jobbar for integrering av tilflyttarar for å få aktivitetar inn i system. Dette er aktørar som Flyktningtenesta, vaksenopplæringa, frivilligsentralane, idrettskonsulent og tilflyttarkontoret. På denne måten kan ein jobbe saman og strukturert for nå ut til alle våre nye årdøler, samt at tilrettelagde arrangement og fleire møtestadar kan gagne flyktningane som er busett i Årdal si tilhøyrslø og trivsel.

10.0 Tverrfagleg samarbeid

10.1 Status

Flyktningarbeidet er per i dag koordinert av Flyktningtenesta i NAV. Dei fleste arbeidsoppgåver knytt til flyktningarbeidet vert utført av tilsette ved Flyktningtenesta eller at dei koordinerer arbeidsoppgåvene til riktig hjelpeinstans. For å hjelpe flyktningen

best mogeleg, er ein avhengig av samarbeid med andre instansar, både andre kommuneiningar, private einingar og frivillige organisasjonar.



Busettingsprosessen startar med at Flyktingtenesta mottek førespurnad frå **IMDI** om å busetje ein bestemt person/familie, og Flyktingtenesta gjer ei vurdering om ei evt. busetjing. Figuren ovanfor viser at Flyktingtenesta ved busetting koordinerer og samarbeider tett med andre instansar i denne perioden, som t.d. helse, skule og bustadkontor.

Etter busetting, skal flyktingen få tilbod om introduksjonsprogram, og her krevst det tett samarbeid med **vaksenopplæringa** og etter kvart **andre kommuneiningar og/eller private bedrifter** i høve språk-/arbeidspraksis.

Ved busetjing av flyktingfamiliar krevst det tett samarbeid med **barnehage og skule**. Flyktingtenesta søker om barnehageplass og melder frå til skulen om ny elev, og er tilgjengeleg for samarbeid kring flyktingbarnet dersom det vert behov for dette.

Den arbeidsretta oppfølginga er avhengig av tiltak og verkemiddel frå **NAV**, og ytingar som NAV kan tilby både flyktingen og bedrifter.

Utover dette er det tverrfaglege samarbeidet avhengig av det individuelle behovet til kvar enkelt flykting. Nokre kan ha behov for oppfølging av psykisk helseteneste, Årdal tannklinikk, Årdal Lensmannskontor, UDI for å nemne nokre som er gjeldande per i dag.

I den vidare oppfølginga kring flyktingen/flyktingfamilien er ein også avhengig av samarbeid med **tilflyttarkontoret, arbeidsmarknaden, samt frivillige lag og**

organisasjonar for at integreringa skal lukkast.

10.2 Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Årdal kommune har innført BTI som samhandlingsmodell i arbeide med barn og unge det er knytt bekymring til. Denne modellen skal gjere samarbeid mellom ulike instansar, heimen og overgangar for barna så smidig som mogleg. Det er her fokus på at dokumentasjon om vurderingar og tiltak som vert gjort kring barnet er fullt tilgjengeleg for dei føresette.

Det er utarbeidd ein handlingsretteleiar som er eit arbeidsverktøy for dei tilsette, som består av fire nivå av bekymring. Målet med BTI-arbeidet er at ein fortare skal ta tak i og undersøke bekymring kring eit barn. Tidlegare innsats for å tidlegare kunne yte den støtta den enkelte treng.

Det er viktig at dei eksisterande rutinane som ligg i kommunen også vert nytta når det gjeld flyktningbarn og deira familiar. Viser elles til førebyggjande plan for barn og unge i Årdal 2024 – 2028, for utfyllande informasjon om samhandlingsmodellen, [Førebyggjande plan - barn og unge 2024-2028](#)

10.3 Utfordringar

- Språkutfordringar kan føre til at BTI-arbeidet vert meir utfordrande. Vanskeleg å forklare for foreldra kva det går ut på, og ufarleggjerer det.
- Ingen systematiske rutinar kring det tverrfaglege samarbeidet i det kommunale flyktningarbeidet.

10.3 Mål

- Oppretting av Flyktningteam (tverrfagleg team som jobbar med flyktningarbeid), der vanskelege saker/problemstillingar kan drøftast i dette teamet, samstundes som teamet jobbar kontinuerleg med å evaluere flyktningarbeidet og rutinar knytt til dette.
- Flyktningteamet bør ha 1-2 møter i året.
- Flyktningplanen bør evaluerast 1 gong kvart år i dette teamet.

11.0 Arbeid og utdanning

11.1 Status

Alle flyktningar i alderen 18-55 år har rett til å delta i Introduksjonsprogrammet i kommunen. Introduksjonsprogrammet inneheld norskopplæring, språkpraksis, livsmeistring og foreldrerettleiing, og er eit lønna program. Introduksjonsstønad den enkelte mottok er til ei kvar tid 2G. Hovudmålet med programmet er å formidle at kvalifisering, aktivitet og innsats aukar den enkelte sine mogelegheit for arbeid og slik kunne bli sjølvforsytande.

Gjennom introduksjonsprogrammet og språkpraksis får deltakarane kjennskap til arbeidslivet og arbeidslivets krav. For nokre er språkpraksisplassen ein inngang til arbeid etter gjennomført introduksjonsprogram.

Arbeidsplassen er ein viktig stad for å bli ein del av samfunnet. Arbeid gir ikkje berre inntekt og sjølvstende, men hjelper òg med integrering, språkutvikling og moglegheita til å bruke egne evner. Difor må det jobbast aktivt for at flyktningar skal få vanleg arbeid.

Me ser generelt i Årdal at det med åra har blitt lettare å finne praksisplassar. I førre planperiode var det store utfordringar med å finne praksisplassar til få busette flyktningar, medan ein no ser at fleire bedrifter og kommunale einingar er positive til busetting av ei stor gruppe flyktningar.

NAV har som sitt fremste mål å få menneske i arbeid gjennom god kjennskap til marknad og næringsliv og deira framtidig behov, gje rekrutteringsbistand til næringslivet, samt å nytte individuelle tiltak som fremjar overgang til ordinært arbeid. NAV skal bidra til individuell oppfølging for den enkelte flyktning. Det er viktig at alle får arbeide med noko som er av interesse, og kartlegging av den enkelte sin kompetanse og ønskje for framtida, vil såleis vere retningsgjevande. NAV skal jobbe systematisk for at flyktningar skal kunne få ordinært arbeid, og skal fortløpande vurdere utdanningsløp og arbeidsmarknadstiltak som verkemiddel. Tilpassa utdanningsløp for den enkelte

11.2 Utfordringar

- Mangel på språk- og arbeidspraksisplassar og vanskeleg arbeidsmarknad for ufaglærde.
- Konkursen til Norsun gjer at det er mange om beinet på dei få ledige stillingane me har
- Gode språkferdigheiter er avgjerande for integrering og for å få arbeid. Etter end programtid er språket sjeldan godt nok til å kunne gå rett i arbeid.
- Om flyktningar ikkje får arbeid eller tek vidare utdanning etter avslutta introduksjonsprogram må dei normalt få sosiale ytingar. Dette gjev ikkje økonomisk sjølvstende og medfører auka sosiale kostnader for kommunen.

11.3 Mål for perioden 2025 - 2028

- Alt integreringsarbeid skal bidra til at flyktningar kjem i arbeid.
- Bidra til å skaffe sommarjobb (ut frå praksisplassar) og målrette arbeidet mot fast jobb.
- Systematisk kartlegging og oppfølging av den einskilde for å nå målet om arbeid.
- Aktiv bruk av NAV sine arbeidsretta tiltak.
- Årdal kommune skal tilby språk- og arbeidspraksisplasser, der alle kommuneleiiingar skal sette av 1-2 plassar til språk-/arbeidspraksis.
- Etablere avtalar med flest mogleg private verksemder om språk- og arbeidspraksisplassar.

12.0 Kultur og fritid

12.1 Status

Kultur og fritid spelar ei viktig rolle i integreringa av flyktningane i kommunen. Gjennom deltaking i kulturelle og sosiale aktivitetar kan den enkelte få høve til å byggje nettverk, lære språket og kjenne seg som ein del av lokalsamfunnet.

For barn og unge er fritidstilbod særleg viktig. Gjennom leik og aktivitetar kan dei bygge vennskap, få moglegheiter til å utvikle seg sosialt, og oppleve meistring.

Årdal kommune har eit rikt tilbod innan kultur og fritid. Her kan ein drive med ulike former for idrett, kunst og musikk for å nemne noko. Flyktingtenesta har fokus på å informere nykomne flyktningar om kultur og fritidstilbodet i kommunen, og nyttar informasjonsmateriell som tilflyttarkontoret har laga i denne jobben.

Det vert i tillegg jobba med eit samarbeid mellom vaksenopplæring, tilflyttarkontor, frivilligsentralen og Flyktingtenesta, for å sørgje for høgare deltaking av flyktningar på dei ulike arrangementa som allereie er planlagt i kommunen.

For å sørge for at alle har moglegheit til å delta i kultur og fritid økonomisk, har både idrettslag, kommunen og NAV-kontoret støtteordningar ein kan søke på i høve barna sin deltaking. I tillegg har kommunen ein velutstyrt utstyrs pool på biblioteket, der det er høve å låne friluftsutstyr gratis.

12.2 utfordringar

- Å nå ut til den enkelte med løpande informasjon om kva som skjer i bygda.
- At ikkje alle ser viktigheita av deltaking i kultur og fritid for å fortare bli integrerte i lokalsamfunnet.
- At familiar med dårleg økonomi skal prioritere utgifter til avgifter, eigenandelar, og medlemskap i ein allereie pressa økonomi.
- Å ha kjennskap til kva dugnad er, og kor viktig det er for frivilligheita.

12.3 Mål for perioden 2025 – 2028

- At det skal vere tilgjengeleg informasjon om kultur og fritidstilboda i kommunen.
- Informasjon om og deltaking i fritidstilbod som fast del av introduksjonsprogrammet.
- Vidareutvikle tiltak som gjer det enklare for å ta del i fritidsaktivitetar.
- Ta i bruk flyktningane sine ressursar i ulike arrangement.
- Legge til rette for at flyktningane skal få høve til å utøve eigne kulturelle aktivitetar.
- Søke på aktuelle eksterne tilskotsordningar, prosjektmidlar mm.
- Vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

13.0 Økonomi

Økonomien kring busetjing av flyktningar heng saman med kor mange flyktningar som vert busett det aktuelle året, kva alder dei busette har, og om det er familiar eller einslege. Tidlegare år har økonomien kring busetjing av flyktningar vore i balanse, og det har vore høve til å sette overskot på fond til periodar med underskot. 2024 var det første året det var behov for overføring frå dette fondet til NAV og oppvekst.

Ifølgje Berekningsutvalet sin rapport for 2023 fekk kommunane i gjennomsnitt dekt 91,8 prosent av meirutgiftene til busetting og integrering av flyktningar gjennom statlege tilskot. Dette er ein nedgang frå 97,3 prosent året før. Auken i utgifter skuldast mellom anna fleire flyktningar og høgare bustad- og levekostnader. Same året dekte tilskot for opplæring i norsk og samfunnskunnskap 80,1 prosent av kommunen sine gjennomsnittlege utgifter.

13.1 Statlege tilskot

13.1.1 Integreringstilskot

Integreringstilskotet skal dekke utgifter til busetting og integrering av flyktningar. Det skal sikre rask busetting, hjelpe flyktningar inn i arbeid og gjere dei sjølvforsørgjande. Tilskotet skal også støtte busetting av eldre og personar med særskilde behov, og vere med på å finansiere introduksjonsprogrammet.

Stortinget har fastsett fylgjande satsar for tilskot i 2025:

<i>Integreringstilskot (busettingsår i parentes)</i>	<i>Satsar</i>
År - 1 (2025)	Kr. 202 000 (vaksne og barn) Kr. 250 500 (einslege vaksne) Kr. 194 300 (einslege mindreårige)
År - 2 (2024)	Kr. 259 000
År - 3 (2023)	Kr. 184 000
År - 4 (2022)	Kr. 91 400
År - 5 (2021)	Kr. 74 800

<i>Barnehagetilskot</i>	Kr. 28 900 (eingongstilskot)
-------------------------	------------------------------

<i>Eldretilskot (for dei over 60 år)</i>	Kr. 187 600 (eingongstilskot)
--	-------------------------------

Personar vert rekna som vaksne etter fylt 18 år.

Integreringstilskotet skal dekke utgifter til busetting og integrering av flyktningar, støtte rask busetting og hjelpe dei inn i arbeid. Det skal også bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører god integrering. Tilskotet blir utbetalt uavhengig av individuelle behov og skal dekke tenester som flyktningteneste, bustad, introduksjonsprogram, arbeidstrening, sosial- og helsetenester, barnevern, tolketenester og integreringstiltak i skule og barnehage. Tilskotet dekker ikkje fullt ut desse kostnadene i 5 år. Det er difor viktig at flyktningane vert kvalifisert for arbeid, og får arbeid så raskt som mogleg etter fullført introduksjonsprogram.

13.1.2 Innbyggjartilskot

Kommunen får ordinært innbyggjartilskot for flyktningane på linje med andre innbyggjarar. Dette skal gå til å dekke meir generelle kommunale utgifter, infrastruktur mv.

13.1.3 Barnehagetilskot

Ved busetting får kommunane eit eingongstilskot per barn i aldersgruppa 0-5 år som er omfatta av integreringstilskotordninga. Eingongstilskotet utgjer kr 28 900 per barn i 2025.

Føremålet med tilskotet er å setje kommunane i stand til å gi barn av nykomne flyktningar eit barnehagetilbod når familien skal etablere seg i busettingskommunen. Tilskotet skal dekke utgifter til særskilt tilrettelegging for barn av nykomne flyktningar, som til dømes utgifter til tospråklege assistentar. Eingongstilskotet gjeld også barn født inntil 6 md. etter at mor er busett i kommunen.

13.1.4 Tilskot til minoritetsspråklege barn i barnehage

Tilskot for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder skal bidra til at kommunen kan setje i verk tiltak for å betre språkforståinga for aktuelle born.. Kriteria for å få tilskotet er at minst 10 % av barna i barnehage er minoritetsspråklege, og at det gjeld minst 50 barn. Begge foreldra må ha eit anna morsmål enn norsk, samisk, dansk, svensk eller engelsk.

13.1.4 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap består av eit grunntilskot og eit persontilskot, der kommunen får eit tilskot per person utbetalt over tre år. Begge tilskota vert automatisk utbetalte til kommunen, men for å få utbetalt persontilskotet må det vere registrert vedtak på opplæring i NIR (Nasjonalt introduksjonsregister).

13.1.4.1 Persontilskot

Tilskotstype	Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia, New Zealand	Afrika, Asia, Aust-Europa, Sør-Amerika, Mellom-Amerika, Oseania (utanom Australia og New Zealand)
Persontilskot år 1 (2024)	16 800 kr	39 700 kr
Persontilskot år 2 (2023)	30 600 kr	78 900 kr
Persontilskot år 3 (2022)	19 100 kr	54 00 kr

13.1.4.2 Grunntilskot

Grunntilskotet blir automatisk utbetalt til små og mellomstore kommunar og skal betre dei økonomiske rammevilkåra for opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Tal på personar i berekningsgrunnlaget	Sats i kroner
1-3 personar	233 000 kr
4-150 personar	694 600 kr

13.2 Inntekter og utgifter

Grunna mange tilskotsordningar er det vanskeleg å berekne ein gjennomsnittleg sum inntekter og utgifter. I dette ligg og stor usikkerheit i høve skatteinngang, bustadleige og bustønad, auka sysselsetjing, auka omsetjing (konsum) mm. Dei viktigaste områda for Årdal vil likevel vere:

Inntekter (tilskot):

- Integreringstilskot
- Barnehagetilskot
- Tilskot til minoritetsspråklege barn i barnehage
- Tilskot opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar
- Innbyggjartilskot

Utgifter:

- Drift av Flyktingtenesta
- Introduksjonsstønad (skattepliktig)
- Supplerande sosialhjelp og økonomisk sosialhjelp
- Etableringstilskot og møblar/utstyr
- Styrking i barnehage/skule
- Grunnskuleopplæring for vaksne innvandrarakar
- Særskilde helsetenester
- Tolketenester

Det er da ikkje teke omsyn til at dei som vert busett får vanlege tenester som andre innbyggjarar i kommunen, som til dømes helsehjelp, barnehageplass, skuleplass, barnevern, SFO, kulturskule, bibliotek osv. Desse tenestene skal i prinsippet bli dekkja av innbyggjartilskotet som skal spegle normale utgifter kommunen har avhengig av til dømes alder.

13.3 Utfordringar

- Kommunen sin økonomiske situasjon krev at ein må ta omsyn til kostnader alle ledd. Kommunestyret har vedteke at det i 2025 ikkje skal brukast meir pengar på flyktingarbeidet enn det staten løyver i tilskot. Dette vil kunne bli ei stor utfordring i åra som kjem, då utgiftene raskt kan overstige inntektene på dette området.
- Inntektene og utgiftene heng saman med talet på flyktingar som vert busette i eit gitt år og dei påfølgjande fem åra. Det betyr at dersom kommunen vel å busette få flyktingar eitt år, vil tilskotet frå staten bli lågare dei fire påfølgjande åra.
- Auka husleiger og matvareprisar gjer det vanskeleg for mange å klare seg på inntekta dei får frå introduksjonsprogrammet. I dag ser ein at dei aller fleste familiar er avhengige av supplerande sosialstønad, i motsetnad til tidlegare planperiodar då fleire klarte seg økonomisk med to introduksjonsstønader i ein husholding.

13.4 Mål for perioden 2025 – 2028

- Å tilby tenester for dei busette flyktningane som er gode og samtidig samsvarar med tilskota staten gir for den enkelte.
- Gjere gode økonomiske prioriteringar, til det beste for brukargruppa.
- Målretta opplæring i privatøkonomi for den enkelte.
- Kontrollere at kommunen får alle tilskot ein har rett på. Halde oversikt over søknadsfristar, og moglege utviklingsmidlar ein kan søke på.

15.0 Evaluering av tiltaksplan frå førre planperiode

Tiltaksplanen frå førre planperiode bestod av mange gode tiltak, med intensjonar om å betre flyktningarbeidet i kommunen. Kort tid etter at planen blei vedteken, starta krigen i Ukraina. Dette førte til at kommunen busette eit mykje høgare tal flyktningar enn tidlegare, og flyktningarbeidet måtte prioritera tid og ressursar på ein annan måte enn før. Dette har ført til at fleire av tiltaka ikkje er gjennomført etter planen. Tiltaka som ikkje blei gjennomført i førre planperiode, men framleis er aktuelle i dag, er vidareført til tiltaksplanen for 2025-2028. Dette gjeld i hovudsak skriftleggjing av rutinar/brosjyrar, oppretting av flyktningteam og kompetanseheving i forhold til flyktningarbeid for tilsette som jobbar tett på flyktningbarn eller vaksne.

Det har i perioden blitt gjennomført kompetanseheving i foreldrerettleiing i kommunen. Flyktningtenesta, Helsestasjonen og Barnevernstenesta er no sertifiserte i foreldrerettleiing etter ICDP-modellen.

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar har vore mykje tettare enn tidlegare, og det er t.d. gjennomført symjeopplæring for kvinner i samarbeid med IL Jotun, språk-kafé i samarbeid med røde kors, og ulike markeringar i samarbeid med kyrkja.

Dei ukrainske flyktningane har ikkje same opphaldsløyve som andre flyktningar, noko som har ført til at det har vore vanskeleg å vere like framtidsretta med tanke på planlegging av utdanning t.d. for denne gruppa i forhold til andre. Nokre av tiltaka i planperioden har difor hatt mindre fokus enn planlagt.

Tiltaksplan for perioden 2025 – 2028

Fleire av tiltaka er vidareført frå førre planperiode, då dei ikkje har vorte gjennomførte og er like aktuelle for denne perioden.

Kap	Tiltak	Ansvarleg	2025	2026	2027	2028
3	Revidere og skriftleggjere interne rutinar	Flyktingtenesta	X			
	Skriftleggjere rutinar for tverrfagleg samarbeid	Flyktingtenesta		X		
	Flyktingtenesta skal delta på arrangement i regi av ulike frivillige lag og organisasjonar.	Flyktingtenesta	X	X	X	X
	Tilby tilpassa utdanningsløp for dei som har behov for det.	Flyktingtenesta	X	X	X	X
4	Tilby opplæring i grunnleggjande ferdigheiter	Vaksenopplæringa			X	X
	Lage oversikt over kven som kan realkompetansevurdere	Vaksenopplæringa		X		
5	Lage informasjonsmateriell for renovasjon, branntryggleik osv.	Bustadkontoret	X			
	Flyktningar skal vere ei prioritert gruppe ved søknad om startlån	Bustadkontoret	X	X	X	X
	Årlege synfaringar i alle kommunale bustader, for å avdekke feil/manglar.	FDV, miljøvaktmeister, Bustadkontoret	X	X	X	X

	Lage avtale med alle private utleigarar om når, korleis og kor ofte ein skal ha synfaring i private utleigebustader	Bustadkontoret, miljøvaktmeister, huseigar				
6	Helsetenestene presenterer seg og sine tenester i introduksjonsprogrammet	Legekontor, Helsestasjon, Psykisk helseteneste		X	X	X
7	Utarbeide felles kartleggingsskjema for oppstart av flyktningbarn	Styrarane i barnehagane	X	X	X	X
	Fagleg kompetanseheving på plandagar	Flyktningtenesta/Styrarane				
10	Opprette flyktningteam	Flyktningtenesta	X			
	Jamleg påminning om at rutine for BTI vert brukt også på flyktningbarn	Pådrivargruppa for BTI, skule, barnehage	X	X	X	X
11	Kommunen skal prioritere flyktningar i språk og arbeidstrening	Heile kommunen	X	X	X	X
12	Lage brosjyre om tilbod til barn og unge i kommunen	Leiar kultur og fritid		X		
	Søke midlar som kan auke moglegheitene for alle å delta i fritidsaktivitetar	Leiar kultur og fritid	X	X	X	X
13	Opplæring i privatøkonomi som del av introduksjonsprogrammet	Flyktningtenesta og Vaksenopplæringa	X	X	X	X